

Knester-skoget framleis verfast i Gdansk

06.11.2006



Eidsvik ventar framleis på skoget frå Polen. Det har vore tomt ved kaien ei god stund no. Dette biletet vart teke 22. august (Foto: Ola Matti Mathisen).

Slepet av det 71 meter lange skoget frå Polen til Eidsvik i Uskedalen har enno ikkje starta. Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik kunne måndag føremiddag opplysa til uskedalen-no at båtane framleis ligg verfast i Gdansk.

- Men vermeldingane er meir lovande no og vi har ei lita von om at slepet kan starta til natta eller tidleg i morgen. Det tek fem dagar fram til Uskedalen viss alt går etter planen, sa Eidsvik.

Forseinkinga er slett ingen gunstig situasjon for Eidsvik Skipsbyggeri.

- Dette er kjedeleg, men heldigvis har vi anna arbeid som held folk i aktivitet medan dei ventar på storoppdraget, opplyste dagleg leiar.
- Følger det også polske arbeidarar med, som no ventar i Uskedalen?
- Nei, det gjer det ikkje.

Den havgåande båten, som er den største fiskebåt som skipsbyggeriet har bygt, skal leverast til reiarlaget Knester i ringnotkommunen Austevoll til våren. 53 fast tilsette hos Eidsvik får nok å gjera med dette oppdraget, som er ei gjennombrot i det store ringnotmiljøet.

Av Ola Matti Mathisen